

LINDÅS KOMMUNE  
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØDato: 21.03.2018  
Vår ref.: 2016/2735-26  
Saksbehandlar: evevaul  
Dykkar ref.:

## Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane 2018

### Orientering om vedtak

Tilskotsordninga til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane vart etablert gjennom *Handlingsplan for trafikksikring for Hordaland 2014-2017*. Ordninga vert vidareført i 2018, med ei ramme på 2 millionar kroner. Kommunane kan søka om støtte til mindre tiltak på eller ved kommunal eller fylkeskommunal veg, med ein maksimal kostnad på 250.000 kr eks. mva. Ordninga kan dekkja opp til 70 prosent av kostnaden (inntil 175.000 kr).

Innan søknadsfristen 1. januar var det komen inn 29 søknadar om tilskot, fordelt på 16 kommunar. Sju kommunar har søkt om meir enn eitt tiltak. Det er søkt om tilskot på totalt 6.076.000 kr. til tiltak med ein samla kostnad på 8.980.000 kr.

Saka skulle handsamast av fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) i møte 20. februar, men saka vart utsett til ekstraordinært møte 14. mars 2018. FTU gjorde då dette vedtak i saka:

*Fylkestrafikksikringsutvalet gir tilsegn om tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane 2018 i tråd med alternativ B i saksutgreiinga. Følgjande tiltak får tilsegn om midlar:*

Nr	Kommune/prioritet	Omtale av tiltaket	Innstilling
1	<b>ASKØY 2</b>	Veglys i henteområde ved skular	175 000
2	<b>ASKØY 3</b>	Strusshamnvegen: gangfelt og fartsdemparar langs skuleveg.	175 000
3	<b>BØMLO 1</b>	Ny busslomme Kv1130 Høvringevikjo	175 000
4	<b>FITJAR 2</b>	Kv19 Koløyvegen: veglys.	175 000
5	<b>FITJAR 3</b>	Fv72 Lyspunkt Skardet - Selevik skule	175 000
6	<b>FITJAR 4</b>	Tongabrekko, Rimbareidvegen: veglys (strekning 250 meter).	175 000
7	<b>MELAND</b>	Rekkverk langs kommunal veg Kv1035	110 000
8	<b>OS 1</b>	Veglys Tøsdalsvegen	175 000
9	<b>OS 2</b>	Veglys Velumsbrekkene/Håvardsvegen	175 000
10	<b>OSTERØY 1</b>	Rekkverk Hatland	21 000
11	<b>OSTERØY 2</b>	Rekkverk Vevele	56 000
12	<b>OSTERØY 3</b>	Veglys frå Hosanger sentrum mot skulen	175 000

Nr	Kommune/prioritet	Omtale av tiltaket	Innstilling
13	<b>OSTERØY 4</b>	Rekkverk Hartveit	31 500
14	<b>RADØY</b>	Fartshumpar Prestmarkvegen	31 500
15	<b>STORD 1</b>	Intensivbelysning av gangfelt ved Rommetveit barneskule	105 000
16	<b>TYSNES</b>	Veglys Fv79 ved Tysnes omsorgssenter	70 000
	<b>OPPSUMMERT</b>		<b>2.000.000</b>

Møteprotokoll og saksframlegget for denne saka (PS 14/2018) følger etter dette brevet. De finn også vedtak og alle dokument, inkludert vedlegg på våre heimesider:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=836>

Vedtaket inneber at ni kommunar har fått støtte til 16 tiltak. Desse er vurdert som dei fagleg beste tiltaka innanfor makskostnaden (250.000 kr. eks. mva). Sju kommunar fekk ikkje tilsegn om tilskotsmidlar. Grunngevingane for tildelinga kjem fram av saksutgreinga, som er lagt ved dette brevet.

#### Vilkår for tilsegna

Det vert lagt til grunn at tiltaka som har fått tilsegn om midlar skal gjennomførast i løpet av inneverande år. Om tilskotsmottakar ser at tiltaket likevel ikkje lar seg gjennomføra innan slutten av 2018, må vedkommande snarast melda dette til fylkeskommunen, og seinast innan byrjinga av desember 2018. Tiltaket kan seinast vera ferdigstilt i løpet av påfølgjande år.

Me syner elles til retningslinene for tilskotsordninga og ber dykk særleg merka dykk følgjande:

- Ordninga kan dekkja opp til 70 prosent av kostnaden (inntil 175.000 kr). Resten, inkludert eventuelle overskridingar, må tilskotsmottakar dekkja.
- Om eit tiltak får mindre kostnadar enn skissert i søknaden, vert tildelt støtte redusert tilsvarande.
- Hordaland fylkeskommune sin revisor kan gjennomføra kontroll med at tilskotet vert forvalta slik det går fram av søknad og vedtak.
- Om tilskotsmottakar gir misvisande opplysningar, eller ikkje nyttar tilskotet i samsvar med vilkåra, vil tilskotet verta avkorta/inndratt.

#### Rapportering og utbetaling

Tilskotsmottakar må fylla inn rapporteringsskjema, levera prosjektrekneskap med endelege kostnadar og dokumentera tiltaket med før- og etterbilete. Utbetaling av tilskot vil skje så snart tiltaket er ferdigstilt, og rapporteringsskjemaet med vedlegg er sendt inn.

Rapporteringsskjema, retningsliner for tilskotsordninga og anna informasjon finn de på våre heimesider:

<https://www.hordaland.no/nn-NO/vegogtransport/trafikksikring2/tilskot-til-mindre-trafikksikringstiltak-i-kommunane/>

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Even Vaular  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



Arkivnr: 2016/2735-25

Saksbehandlar: Even Vaular

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland	10/18	20.02.2018
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland	14/18	14.03.2018

**Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane 2018****Samandrag**

Tilskotsordninga til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane vart etablert gjennom *Handlingsplan for trafikksikring for Hordaland 2014-2017*. Ordninga vert vidareført i 2018, med ei ramme på 2 millionar kroner.

Innan søknadsfristen 1. januar var det komen inn 29 søknadar om tilskot, fordelt på 16 kommunar. Sju kommunar har søkt om meir enn eitt tiltak. Det er søkt om tilskot på totalt 6.076.000 kr. til tiltak med ein samla kostnad på 8.980.000 kr. Dei fleste tiltaka er retta mot mjuke trafikantar, gjeld kommunal veg og ligg langs skuleveg og/eller i tettbygd strøk. Etablering av gangfelt, fartshumpar, veglys, fortau og rekkverk går att som tiltak.

Framlegg til fordeling av tilskotsmidlar er gjort i samarbeid med fagfolk innan trafikksikring hjå Statens vegvesen. I vurderingane er det mellom anna lagt vekt på kostnad og nytte, sett i samanheng med dei stadlege tilhøva.

**Økonomi:** Tilskotsmidlane er henta frå budsjetterte midlar disponert av fylkestrafikksikringsutvalet.

**Klima:** Betring av trafikktryggleiken for mjuke trafikantar kan på sikt føra til at fleire vel å gå eller sykla, i staden for å køyra bil.

**Folkehelse:** Sjå «Klima» ovanfor.

**Regional planstrategi:** Satsing på trafikktryggleik er viktig for å utvikla attraktive nærmiljø og regionsenter i fylket, og for å styrka konkurransekrafta til gange og sykling som klimavenlege transportformer.

## Forslag til vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet gir tilsegn om tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane 2018 i tråd med alternativ B i saksutgreiinga. Følgjande tiltak får tilsegn om midlar:

Nr	Kommune/prioritet	Omtale av tiltaket	Innstilling
1	ASKØY 2	Veglys i henteområde ved skular	175 000
2	ASKØY 3	Strusshamnvegen: gangfelt og fartsdemparar langs skuleveg.	175 000
3	BØMLØ 1	Ny busslomme Kv1130 Høvringsvikjo	175 000
4	FITJAR 2	Kv19 Koløyvegen: veglys.	175 000
5	FITJAR 3	Fv72 Lyspunkt Skardet - Selevik skule	175 000
6	FITJAR 4	Tongabrekko, Rimbareidvegen: veglys (strekning 250 meter).	175 000
7	MELAND	Rekkverk langs kommunal veg Kv1035	110 000
8	OS 1	Veglys Tøsdalsvegen	175 000
9	OS 2	Veglys Velumsbrekkene/Håvardsvegen	175 000
10	OSTERØY 1	Rekkverk Hatland	21 000
11	OSTERØY 2	Rekkverk Vevle	56 000
12	OSTERØY 3	Veglys frå Hosanger sentrum mot skulen	175 000
13	OSTERØY 4	Rekkverk Hartveit	31 500
14	RADØY	Fartshumpar Prestmarkvegen	31 500
15	STORD 1	Intensivbelysning av gangfelt ved Rommetveit barneskule	105 000
16	TYSNES	Veglys Fv79 ved Tysnes omsorgssenter	70 000
	<b>OPPSUMMERT</b>		<b>2.000.000</b>

## Saksprotokoll i fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 20.02.2018

### Vedtak

Jon Askeland (Sp) vart erklært ugild i saka, med heimel i Forvaltningsloven § 6, 2. ledd. Det vart difor sett opp ekstraordinært møte i Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) den 14. mars 2018 for å handsame saka.

## Saksprotokoll i fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 14.03.2018

Jon Askeland (Sp) stilte spørsmål om han var inhabil fordi kommunen han er ordførar i er part i saka. Askeland gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Nestleiar Stein Inge Ryssdal leidde møtet. Utval for miljø og samferdsel vedtok samrøystes at Jon Askeland var ikkje inhabil.

Jon Askeland tiltredde saksbehandlinga.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet gir tilsegn om tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane 2018 i tråd med alternativ B i saksutgreiinga. Følgjande tiltak får tilsegn om midlar:

Nr.	Kommune/prioritet	Omtale av tiltaket	Innstilling
1	ASKØY 2	Veglys i henteområde ved skular	175 000

2	ASKØY 3	Strusshamnvegen: gangfelt og fartsdemparar langs skuleveg	175 000
3	BØMLO 1	Ny busslomme Kv1130 Høvingevikjo	175 000
4	FITJAR 2	Kv19 Koløyvegen: veglys	175 000
5	FITJAR 3	Fv72 Lyspunkt Skardet - Selevik skule	175 000
6	FITJAR 4	Tongabrekko, Rimbareidvegen: veglys (strekning 250 meter)	175 000
7	MELAND	Rekkverk langs kommunal veg Kv1035	110 000
8	OS 1	Veglys Tøsdalsvegen	175 000
9	OS 2	Veglys Velumsbrekkene/Håvardsvegen	175 000
10	OSTERØY 1	Rekkverk Hatland	21 000
11	OSTERØY 2	Rekkverk Vevle	56 000
12	OSTERØY 3	Veglys frå Hosanger sentrum mot skulen	175 000
13	OSTERØY 4	Rekkverk Hartveit	31 500
14	RADØY	Fartshumpar Prestmarkvegen	31 500
15	STORD 1	Intensivbelysning av gangfelt ved Rommetveit barneskule	105 000
16	TYSNES	Veglys Fv79 ved Tysnes omsorgssenter	70 000
	<b>OPPSUMMERT</b>		<b>2.000.000</b>

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 26.01.2018**

## Bakgrunn

Tilskotsordninga til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane vart etablert gjennom *Handlingsplan for trafikksikring for Hordaland 2014-2017*. Ordninga vert vidareført i 2018, med ei ramme på 2 millionar kroner. Målet med ordninga er å styrka det målretta trafikksikringsarbeidet i kommunane, gjennom tilskot til fysiske tiltak prioritert i kommunale trafikksikringsplanar. Desse tiltaka kan gjerne vera små, men likevel av stor betydning.

## Om tilskotsordninga

Tilskotsordninga er retta mot kommunane i Hordaland og gjeld fysiske trafikksikringstiltak på eller ved kommunal eller fylkeskommunal veg. Kommunane kan søka om støtte til mindre tiltak med ein maksimal kostnad på 250.000 kr eks. mva. Ordninga kan dekkja opp til 70 prosent av kostnaden (inntil 175.000 kr). Resten, inkludert eventuelle overskridingar, må kommunane dekkja. Om eit tiltak får mindre kostnadar enn skissert i søknaden, vert tildelt støtte redusert tilsvarande. Om ein kommune søkjer om støtte til fleire tiltak, må dei syna fram ei prioritering mellom tiltaka.

## Om søknadane

Innan søknadsfristen 1. januar var det komen inn 29 søknadar om tilskot, fordelt på 16 kommunar. Sju kommunar har søkt støtte til meir enn eitt tiltak. Det er søkt om tilskot på totalt 6.076.000 kr. til tiltak med ein samla kostnad på 8.980.000 kr.


Trekk ein frå *ein* av søknadane, som avviker stort i høve til maksimal kostnad for tiltak, vert tala høvesvis 3,9 mill. kr og 5,9 mill. kr. Dei fleste søknadane gjeld tiltak retta mot mjuke trafikantar. Gangfelt, fartshumpar, veglys, fortau og rekkverk går att som tiltak. Fleirtalet av søknadane gjeld kommunal veg. For 19 av søknadane er det oppgitt at tiltak ligg langs skuleveg, 12 ligg i tettbygd strøk, tre ligg utanfor og tre tiltak gjeld knutepunkt/haldeplass. Det er komen inn søknader frå alle delar av fylket.

## Om vurderinga av søknadane

Framlegg til fordeling av tilskotsmidlar er gjort i samarbeid med røynde fagfolk innan trafikksikring hjå Statens vegvesen. Vurderinga tar utgangspunkt i retningslinene for tilskotsordninga, der det mellom anna står:

*«Det vert lagt vekt på at tiltaka som søkjer delfinansiering frå tilskotsordninga skal innehalde enkle og kostnadseffektive løysingar som direkte medverkar til å auke trafikksikkerleiken. Det kan søkjast om midlar innanfor eit bredt spekter av tiltak, men tiltak som rettar seg inn mot mjuke trafikantar, i særleg grad born og eldre, samt tiltak som reduserer risikoen for møte- og utforkøyringsulukker vert særleg vektlagt.»*

Tiltaka er rangert etter kor gode trafikksikringstiltak dei er, samt om turvande forundersøkingar er gjennomført. Ulike faktorar spelar inn i den faglege vurderinga, som til dømes trafikkmengde, fartsmålingar, siktilhøve, åtferd hjå køyrande og fotgjengarar, risiko for ulykker, kostnadar og venta risikoreduserande effekt ved tiltaka. Den samla vurderinga er kvalitativ. Sidan samla søknadssum er høgare enn ramma for tilskotsordninga, må me måla tiltaka mot kvarandre. At eit tiltak ikkje vert tildelt tilskot betyr difor ikkje at tiltaket er dårleg, eller at me ikkje ser behovet for tiltaket.



Figur 1

### Fylkesrådmannen sine kommentarar

Somme tiltak krev forundersøkingar av Statens vegvesen. Der desse ikkje er gjennomført er det ikkje ønskeleg å gi tilskot, då det ikkje er gitt at vegvesenet vil tilrå tiltaket i etterkant. Dette gjeld til dømes for **tiltak nr. 6** (*opphøgd fortau med lys og gangfelt på Stavland Fv14, Bømlo kommune*). Her bør det gjennomførast kartlegging av fotgjengaråtfærd, for å sjå om det er behov for fotgjengarfelt, og om plassering er rett. Det same gjeld for **tiltak 7** (*opphøgd gangfelt ved Våge skule, Bømlo kommune*). **Tiltak 9** (*fotgjengarovergang Fv.545 ved avkøyrsløse til Fitjarstølane, Fitjar*) er søkt om tidlegare, og vert ikkje tilrådd av di ei god plassering av fotgjengarovergang er vanskeleg å få til utan å gjera større inngrep.

Lindås kommune (**tiltak 14**, *forlenga fortau og heva gangfelt i Lonsvegen*) har søkt om tilskot til eit tiltak som er vurdert som fagleg godt, men kommunen har allereie starta med gjennomføring av tiltaket. Det er difor nærliggande å tru at tiltaket vil verta fullført uavhengig av ei eventuell tildeling. I så tilfelle vert ei tildeling frå ordninga fort eit generelt tilskot til kommunen. Det er heller ønskeleg å nytta midlane til viktige tiltak der ei fylkeskommunal tildeling er avgjerande for realisering. Same problemstilling **tiltak 8** (*fortau langs kommunal veg ved Øvrehagen, Eidfjord*). Her er første byggjetrinn gjennomført.

**Tiltak 29** (*fartshumpar på tilkomstveg/gang- og sykkelveg mellom Vikakrysset og Dalekletten bustadfelt, Øygarden*) gjeld eit vegstrekke med lågt trafikkgrunnlag, og med eit etablert, uheldig køyremønster som kan verta forsterka ved gjennomføring av tiltaket. I dag vert eit busstopp som grensar til vegen nytta som snarveg for å koma ut på hovudvegen. Om ein fysisk stengjer av for denne moglegheita vil tiltaket kunne ha nytte.

**Tiltak 4** (*Fv151 kryss ved 546 – Fagerbakke: Gang- og sykkelveg, Austevoll*) er ikkje vurdert av di avviket frå kostnadsmaksimum er særdeles stort. Det er likevel fleire tiltak som overskrider kostnadsmaksimum, og desse har gjennomgått fagleg vurdering.

Blant desse tiltaka finn me **tiltak 8** (*fortau langs kommunal veg ved Øvrehagen, Eidfjord*), **tiltak 26** (*Veglys gamle Fv550, frå 1. januar nedklassifisert til Kv., Ullensvang*), **tiltak 27** (*fartsdemparar i Syreflot byggjefelt på Aga, Ullensvang*) og **tiltak 28** (*kantsikring Fv569 – Vik, kantsikring ved bru – Øyane, Vaksdal*). I tillegg stiller me spørsmål ved oppgitt kostnad for **tiltak 1** (*Florvågbakken - ny løysing for fortau, gangfelt, busshaldeplass og venteskur ved skule*), då omfanget av tiltaket verkar større enn kva kostnadsoverslaget tilseier. **Tiltaka 26-28** høyrer til den gruppa tiltak som kjem best ut av fagleg vurdering.

Makskostnaden for tiltak som er sett i retningslinene (250.000 kr. eks. mva.) avgrensar kva tiltak kommunane søkjer om. Vel ein å opne opp for tiltak med høgare kostnad, vil tildelingsgrensa (inntil 175.000 kr og 70 prosent av tiltaket sin kostnad) framleis ligga fast, medan kommunal eigendel vil auka. Fleire kommunar vil nok ønske dette velkommen. Ein fordel med å ha ein maksgrense på kostnad, er at tiltak med avgrensa storleik er lettare å få gjennomført i løpet av året, slik tilskotsordninga legg opp til.

I tabellen på neste side er alle søknader, med vurderingar, lista opp. Tabellen presenterer to alternative tildelingar, der alternativ A opnar opp for tiltak med høgare total kostnad, medan ein i alternativ B held fast ved makskostnadsgrensa.

**Alternativ A** består av tiltaka som kom best ut av fagleg vurdering, og eitt tiltak som kom hakket bak i vurderinga. Lindås er trekt ut, av di gjennomføring allereie er starta opp. Alle tiltaka i alternativ A har fått mindre trekk i høve til maksimal tildeling, slik at alternativet kjem innanfor den økonomiske ramma til tilskotsordninga.

**Alternativ B** inneheld dei fagleg beste tiltaka innanfor makskostnad og har med fleire tiltak frå nest øvste hylle. Sistnemnte tiltak er likevel gode tiltak som fagpersonane i Statens vegvesen stiller seg bak. I alternativ B er **tiltak 15** (*Rekkverk langs kommunal veg Kv1101 og Kv1035*) sett opp med redusert tildeling,



av di me berre ønskjer å prioritera midlar til det eine vegstrekket (Kv1035 Hjertåsvegen). Kv1101 Flatøyvegen er ikkje prioritert av di trafikken truleg er svært låg på den aktuelle strekninga.

Tabell 1: Søknader om tilskot 2018, med vurderingar. Lys/kraftigare raud farge indikerer mindre/større avvik frå makskostnad. Lys blå farge er gitt tiltaka som kjem best ut av fagleg vurdering, medan mørkeblå tiltak kjem dårlegast ut.

Nr	Kommune/ prioritet	Kostnad	Søknads- beløp	Omtale av tiltaket	Fag. vurd.	Særskilte merknader	Tildeling alt. A	Tildeling alt. B
1	<b>ASKØY 1</b>	250 000	175 000	Florvågbakken. Ny løysing for fortau, gangfelt, busshaldeplass og venteskur ved skule.		Godt tiltak, men kostnadsramma verkar for låg.	170 000	
2	<b>ASKØY 2</b>	250 000	175 000	Veglys i henteområde ved skular				175 000
3	<b>ASKØY 3</b>	250 000	175 000	Strusshamnvegen: gangfelt og fartsdemparar langs skuleveg.			170 000	175 000
4	<b>AUSTEVOLL</b>	3.100.000	2.170.000	Fv151 kryss ved 546 – Fagerbakke: Gang- og sykkelveg		Ikkje vurdert pga. kostnad.		
5	<b>BØMLO 1</b>	250 000	175 000	Ny busslomme Kv1130 Høvringevikjo			170 000	175 000
6	<b>BØMLO 2</b>	250 000	175 000	Opphøgd fortau med lys og gangfelt på Stavland Fv14.				
7	<b>BØMLO 3</b>	250 000	175 000	Fortau i busslomme v/ Våge skule og opphøgd gangfelt.				
8	<b>EIDFJORD</b>	450 000 / 220 000*	154 000	Fortau langs kommunal veg ved Øvrehagen.		Over kostnadsmaks.		
9	<b>FITJAR 1</b>	220 000	154 000	Fotgjengarovergang Fv.545 ved avkøyrse til Fitjarstølane.		Utfordrande plassering av tiltak.		
10	<b>FITJAR 2</b>	250 000	175 000	Kv19 Koløyvegen: veglys.			170 000	175 000
11	<b>FITJAR 3</b>	250 000	175 000	Fv72 Lyspunkt Skardet - Selevik skule				175 000
12	<b>FITJAR 4</b>	250 000	175 000	Tongabrekko, Rimbareidvegen: veglys (strekning 250 meter).				175 000
13	<b>FUSA</b>	250 000	175 000	Haldeplass og snuplass for buss i Sævareid				
14	<b>LINDÅS</b>	250 000	175 000	Forlenga fortau og heva gangfelt i Lonsvegen		Godt tiltak, men allereie påbyrja.		
15	<b>MELAND</b>	250 000	175 000	Rekkverk langs kommunal veg Kv1101 og Kv1035				110 000
16	<b>OS 1</b>	250 000	175 000	Veglys Tøsdalsvegen			170 000	175 000
17	<b>OS 2</b>	250 000	175 000	Veglys Velumsbrekkene/Håvardsvegen			170 000	175 000
18	<b>OSTERØY 1</b>	30 000	21 000	Rekkverk Hatland			20 000	21 000
19	<b>OSTERØY 2</b>	80 000	56 000	Rekkverk Vevle			53 000	56 000
20	<b>OSTERØY 3</b>	250 000	175 000	Veglys frå Hosanger sentrum mot skulen			170 000	175 000
21	<b>OSTERØY 4</b>	45 000	31 500	Rekkverk Hartveit			30 000	31 500
22	<b>RADØY</b>	45 000	31 500	Fartshumpar Prestmarkvegen			30 000	31 500
23	<b>STORD 1</b>	150 000	105 000	Intensivbelysning av gangfelt ved Rommetveit barneskule			100 000	105 000
24	<b>STORD 2</b>	60 000	42 000	Mobil fartvisningstavle				
25	<b>TYSNES</b>	100 000	70 000	Veglys Fv79 ved Tysnes omsorgssenter			67 000	70 000
26	<b>ULLENSV. 1</b>	400 000	280 000	Veglys gamle Fv550, frå 1. januar nedklassifisert til Kv.		Over kostnadsmaks	170 000	
27	<b>ULLENSV. 2</b>	280 000	245 000	Fartsdemparar i Syreflot byggjefelt på Aga		Over kost.maks	170 000	
28	<b>VAKSDAL</b>	620 000	175 000	Trafikksikring x Fv569 - Vik. Trafikksikring x ved bru - Øyane (kantsikring).		Over kostnadsmaks	170 000	
29	<b>ØYGARDEN</b>	100 000	70 000	Fartshumpar på tilkomstveg/gang- og				

Nr	Kommune/ prioritet	Kostnad	Søknads- beløp	Omtale av tiltaket	Fag. vurd.	Særskilte merknader	Tildeling alt. A	Tildeling alt. B
				sykkelveg mellom Vikakrysset og Dalekletten bustadfelt.				
	<b>SUMMERT</b>	<b>8.980.000</b>	<b>6.076.000</b>				<b>2.000.000</b>	<b>2.000.000</b>

\* For Eidfjord sitt tiltak er første byggjetrinn alt utført. Kostnad for trinn 1 er 230.000 kr. eks. mva. Søknadssum vart ikkje presisert i søknad, me reknar difor med at det vert søkt om tilskot til resterande del av kostnaden (220.000 kr. eks. mva.).

### Fylkesrådmannen si tilråding

Fylkestrafikksikringsutvalet gir tilsegn om tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane 2018 i tråd med alternativ B i saksutgreiinga. Følgjande tiltak får tilsegn om midlar:

Nr	Kommune/ prioritet	Omtale av tiltaket	Innstilling alternativ B
1	<b>ASKØY 2</b>	Veglys i henteområde ved skular	175 000
2	<b>ASKØY 3</b>	Strusshamnvegen: gangfelt og fartsdemparar langs skuleveg.	175 000
3	<b>BØMLO 1</b>	Ny busslomme Kv1130 Høvringevikjo	175 000
4	<b>FITJAR 2</b>	Kv19 Koløyvegen: veglys.	175 000
5	<b>FITJAR 3</b>	Fv72 Lyspunkt Skardet - Selevik skule	175 000
6	<b>FITJAR 4</b>	Tongabrekko, Rimbareidvegen: veglys (strekning 250 meter).	175 000
7	<b>MELAND</b>	Rekkverk langs kommunal veg Kv1035	110 000
8	<b>OS 1</b>	Veglys Tøsdalsvegen	175 000
9	<b>OS 2</b>	Veglys Velumsbrekkene/Håvardsvegen	175 000
10	<b>OSTERØY 1</b>	Rekkverk Hatland	21 000
11	<b>OSTERØY 2</b>	Rekkverk Vevle	56 000
12	<b>OSTERØY 3</b>	Veglys frå Hosanger sentrum mot skulen	175 000
13	<b>OSTERØY 4</b>	Rekkverk Hartveit	31 500
14	<b>RADØY</b>	Fartshumpar Prestmarkvegen	31 500
15	<b>STORD 1</b>	Intensivbelysning av gangfelt ved Rommetveit barneskule	105 000
16	<b>TYSNES</b>	Veglys Fv79 ved Tysnes omsorgssenter	70 000
	<b>OPPSUMMERT</b>		<b>2.000.000</b>